



## PROTOKOLL

### FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

Dato: 13.09.2017

Tid: kl. 09.00 – 13.15

Stad: Kommunestyresalen i Odda

Tilstades

#### **Frå Jondal**

1. Jon Larsgard (SP)
2. Olav Magnus Hammer (AP)
3. Elin Brattabø Eide (H)
4. Reidun Haugen Dalseth (KRF)

#### **Frå Odda kommune:**

1. Roald Aga Haug (AP)
2. Linda H. Jondahl (AP)
3. John Opdal møtte som vara for Johnny Vikne
4. Therese K. Børve (AP)
5. Terje Kollbotn (R)
6. Erlend Nævdal Bolstad (H)
7. Anna Maria Kråkevik (H)
8. Anne Marit Buer (V)
9. Marit Backer – Owe (KRF)

#### **Frå Ullensvang herad:**

1. Solfrid Borge (SP)
2. Kåre Grønsnes (SV)
3. Olav B. Hus (SP)
4. Hildegunn Espe (SP)
5. Amund Velure (AP)
6. Terje S. Bleie (H)

#### **Frå Administrasjonen:**

Rådmann Reidar Isdal  
Rådmann Ole-Jørgen Jondahl  
Rådmann Magnus Steigedal  
Konst. prosjektleiar Ingjerd Astad  
Kommunesekretær Harald Jordal

#### **Andre:**

Utdanningsforbundet Terje Mikkelsen

#### **Informasjon frå møtet:**

Leiar for mellombels fellesnemnd Solfrid Borge ønska velkomen og tok namneopprop kl. 12.20 - då Jondal vart hefta i Folgefonntunellen

*Fellesnemnda var ved møtestart 19 medlemmer og fullsett.*

Ordførar. Solfrid Borge( SP) merka at det ikkje var sendt ut sak om godkjenning av protokoll frå siste møte i mellombels fellesnemnd 22. juni 2017 til dette møtet.

Protokollen var sendt ut tidlegare til medlemene av førebels fellesnemnda

**Protokoll frå møtet 22. juni 2017 vart teken opp og samrøystes vedteken som utsendt.**

NB Sakene vert ikkje renummererte, men vedtaket vert ført inn i protokollen

**Saknr. 001/17 – Godkjenning av innkalling / undertekning av møtebok.**

**13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune**

**Behandling:**

*Fellesnemnda var fullsett med 19 repr. ved møtestart.*

Mellombels prosjektleiar Ingjerd Astad ; Innkallinga kom ut for seint av ulike årsaker. Honnør til alle som sto på for å få det til.

Terje Mikkelsen(Ut. forb) gav kritikk for at ikkje dei tillitsvalde hadde fått saksdokumenta tilsendt. Dei tillitsvalde har ikkje møte- og talerett i fellesnemnda idag, men møta i fellesnemnda er opne.

Rådmann Jondahl viste **Møteportalen** som vil bli innkallingsplattforma/dokumentbasen for Fellesnemnda heretter, innloggingsmåte og korleis lesa / bruka denne.

Vedtak : Elin Eide Brattabø og Amund Velure vart samr valde til å skriva under møteboka

Dagsorden godkjent som utsendt.

**FN - 001/17 Vedtak:**

**Vedtak : Elin Eide Brattabø (A) og Amund Velure (A) vart samr valde til å skriva under møteboka**

**Sak 002/17 Sak: Val av leiar og nestleiar til fellesnemnda**

**13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune**

**Behandling:**

Larsgard (SP)talte til totaliteten i prosjekt kommunesamanslåing og føreslo som leiar : ordførar i Odda; Roald Aga Haug og som nestleiar ordførar i Ullensvang; Solfrid Borge.

Larsgard gav slike signal på vegne av ordførarane: ordførar i Jondal: Jon Larsgard, vert leiar i partsamansett utval ( PSU).

Arbeidsutval vert som før; ordførarane og rådmennene med projektleiar som sekretær

FN - 002/17 Vedtak:

Larsgard sitt forslag vart samr. vedteke

**Vedtaket er: Leiar i fellesnemnda er ordførar i Odda; Roald Aga Haug. Nestleiar er ordførar i Ullensvang; Solfrid Borge**

*Ordførar Roald Aga Haug (A) tek over møteleiinga for resten av møtet som nyvald leiar i Fellesnemnda.*

**003/17 Sak: Val av arbeidsutval samt val av leiar og nestleiar til arbeidsutvalet****13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune****Behandling:**

Hammer (A); Arbeidsutvalet er å sjå på som eit formannskap og fremma slikt synspunkt; Varaordførar bør kunna gå inn som vara ved forfall. Ingen sa imot

Hammer føreslo; Leiar: Roald Aga Haug

Nestleiar: Sofrid Borge

**Innstillinga med Hammer sitt forslag på leiar /nestleier vart samt. vedteken.**

**FN - 003/17 Vedtak:**

1. Fellesnemnda for Ullensvang kommune vel ordførar i kvar kommune inn i arbeidsutvalet:

- Solfrid Borge, ordførar i Ullensvang herad
- Roald Aga Haug, ordførar i Odda kommune
- Jon Larsgård, ordførar i Jondal kommune

2. Fellesnemnda vel desse til leiar og nestleiar av arbeidsutvalet:

Leiar: Roald Aga Haug

Nestleiar: Solfrid Borge

## **004/17 Sak: Møteplan for fellesnemnda 2017**

**13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune**

### **Behandling:**

Prosjektleiastad orienterte til møteplan for fellesnemnda.

ONSDAG 18. oktober Kinsarvik

**Nye datoer. TORSD. 16. - FRED. 17. nov ;** Norheimsund- inkl overnatting og knytt opp til Hardangerkonferansen

ONSDAG 6. des. i Jondal

### **FN - 004/17 Vedtak:**

**Innstillinga med revidert møteplan vart samr vedteken**

## **005/17 Sak: Godtgjersle og reglement/arbeidsvilkår for folkevalde i fellesnemnda og partssamansett utval.**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda godkjenner forslag til reglement slik det går fram av vedlegg 1 og 2 i saka for:

1. Fellesnemnda og PSU

2. Økonomiske vilkår for medlemmer av fellesnemnda, partssamansett utval (PSU) og andre styre, råd og utval som fellesnemnda opprettar

**13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune**

### **Behandling:**

Kollbotn (R) viste til at det etter reglementet skal vera 3 protokollunderskrivarar. Reglementet bør vera førebels og treng gjennomgåast breiare enn det forslaget som ligg i bordet idag.

Godtgjerslereglementet treng gjennomgåast og.

Forslag: 1, Redaksjonell endring: § 15; *ordet "kommunestyret" blir erstatta med "fellesnemnda" og "partsamansett utval"*

Forslag 2; Fellesnemnda utset saka om økonomiske vilkår/ godtgjersle (pkt 2) til novembermøtet . Fellesnemnda set ned eit politisk utval med repr. frå kvar kommune som utarbeider innstilling til fellesnemnda.

### **FN - 005/17 Vedtak:**

**Kollbotn pkt 1. vart samr vedteke. Innstillinga pkt 1 vart samr. vedteken med denne endringa innarbeidd..**

**Kollbotn pkt 2 ( utsettingsforslag til pkt 2) fekk 7 stemmer og fall då 12 røysta for innstilling sitt pkt 2. Vedtaket for pkt 2 er identisk med innstillinga.**

**Vedtaket er :**

Fellesnemnda godkjenner forslag til reglement slik det går fram av vedlegg 1 og 2 i saka for:

1. Fellesnemnda og PSU med slik endring: § 15; ordet "kommunestyret" blir erstatta med "fellesnemnda" og "partsamansett utval"
2. Økonomiske vilkår for medlemmer av fellesnemnda, partssamansett utval (PSU) og andre styre, råd og utval som fellesnemnda opprettar

**006/17 Sak: Orientering om aktuelle saker frå mellombels prosjektleiar****13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune****Behandling:**

Mellombels prosjektleiar for Ullensvang kommune: Ingjerd Astad (KS) gav innleiingsvis ros til alle som hadde stått på for å gjera dette møtet i fellesnemnda mogeleg. Astad orienterte til veggen vidare og la til grunn at fellesnemnda vil måtta ha meir karakter av å vera meir arbeidsforum enn eit vanleg kommunestyre.

Orienterte om mål og meining og konkrete oppgåver.

Kva skal vi gjera og når skal vi gjera det. Det overordna samfunnsoppdraget må vera i fokus. Kva er viktigast å få på plass : Godt innhald i prosess og god kommunikasjon mot innbyggjarar og dei 3 kommunestyra er ein forutsetning for å lukkast. Kartlegging og analyse av dei tre kommunane. Den nye kommunen skal uansett byggast til beste for innbyggjarane.

*"Det kann henn folkens at dette til tider blir artig"*

**FN - 006/17 Vedtak:**

**Fellesnemnda merka seg orienteringa .**

**007/17 Sak: Delegering frå fellesnemnda.****Delegering frå fellesnemnda:****1. Delegering til fellesnemndas leder**

- a. Leiaren av fellesnemnda er rettsleg representant for den nye kommunen og underskriv på denne sin vegne i alle tilfelle der mynde ikkje er tildelt andre.
- b. Leiaren av fellesnemnda er representanten til den nye kommunen i dei tilfella der annan person ikkje er særskilt vald. Leiaren av fellesnemnda har rett til å gje andre mynde til å delta og til å representera.
- c. Leiaren av fellesnemnda kan løyva offentlege gåver og merksemd knytt opp til den nye kommunen for inntil kr 1 000,- i kvart enkelt tilfelle.

**2. Delegering til midlertidig prosjektleiar**

- a. Mellombels prosjektleiar innstiller i alle saker til arbeidsutval og partssamansett utval.
- b. Mellombels prosjektleiar har ansvar for at alle saker som vert lagt fram, er forsvarleg greidd ut, og har ansvar for at vedtak vert sett i verk.

- c. Mellombels prosjektleiar har ansvar for koordinering av politiske og administrative prosessar og sørger for at det fattast vedtak som sikrar naudsynt framdrift for etableringa av den nye kommunen.
- d. Mellombels prosjektleiar vert gjeve mynde til å ta avgjerder i saker som ikkje er av prinsipiell art og der slik mynde ikkje er tildelt andre.
- e. Mellombels prosjektleiar har innkjøps- og ansvarsmynde innan budsjettet til fellesnemnda i samsvar med vedtekne prioriteringar, og mynde til å anta tilbod/andbod dersom slik mynde ikkje er lagt til andre nemnder eller organ og dessutan å inngå kontraktar for arbeid og leveransar.

### 3. Retningslinjer for bruk av delegert mynde

- a. All delegert mynde skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer gjeve av overordna organ, og i samsvar med dei saksarbeidsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk.
- b. Delegert mynde skal utøvast innanfor dei plan- og budsjetttrammer som er vedteke av fellesnemnda.

### 13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune

#### Behandling:

Aga Haug refererte innstillinga innleiingsvis .

#### FN - 007/17 Vedtak:

**Innstillinga vart samr. vedteken.**

### 008/17 Sak: Orientering om administrative resurssar til midlertidig prosjektorganisasjon.

### 13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune

#### Behandling:

Rådmann Jondahl orienterte / presentert tilråding til **prosjektstab** for Ullensvang kommune i tillegg til prosjektleiar

Informasjonsansvarleg 50%, digitalisering 100 %, HR- ressurs 100 %, sekretærfunksjon 50, og økonomiressurs 20 % i alt 4.2 stilling inkl prosjektleiar. Rekrettering primært innan eigen organisasjon.

*Jondahl; Presentasjonane som er brukt idag vert sendt ut etter møtet.*

Borge (SP) minna om at kyrkjeleg fellestråd har søkt om midlar av den statlege potten som er avsett, og at det føreligg eit initiativ frå Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre om oppretting av arbeidsgruppe for fjellforvaltninga og ba om at begge desse initiativa vert sak på neste fellesnemndsmøte

Dalseth (KRF); Er det nok ressursar til intern rekruttering til prosjektstab?

Astad svarte og utdjupa .

Rådm. Jondahl : Har vi eit klart mandat å jobba vidare på ?

Leiar i fellesnemnda ordførar Aqa Haug : Ja.

Ingen sa imot.

#### **FN - 008/17 Vedtak:**

**Innstillinga vart samr. vedteken**

Fellesnemnda merka seg orienteringa

### **009/17 Sak: Frikjøp av ressursar - tillitsvalde og verneombod**

#### **13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune**

##### **Behandling:**

Mellombels prosjektleiar Astad orienterte til innhaldet. Lovverk og drøftingsplikt. Dei tillitsvalde må og føreta ein del val om korleis dei vil ha det. Løysingane må og vera dynamiske - slik at dei kan endrast ved behov undervegs. Kor stor er ressursen som er til fordeling for frikjøp av tillitsvalde og verneombod? Verneomboda sin rolle er noko uklar i ein kommunesamanslåingsprosess, men dei skal ivareta alle tilsette sine interesser og ikkje berre sine medlemmer. Lufta 1.5 stillingsramme.

Hammer (A) og Nævdal Bolstad (H) ba om meir konkret info om stoda for frikjøp av tillitsvalde i dei ulike kommunane.

Rådmann Jondahl: Ingen av kommunane har frikjøp ut over den ramma som er nedfelt i hovudavtalen.

Prosjektleiar Astad: Denne saka handlar om det som går ut over den einskilde kommune. Vi må ha eit utgangspunkt.

Borge (SP) : Dette må drøftast i PSU, men vi kan og bør setja ei ramme som eit utgangspunkt og føreslo:

*" Administrasjonen får fullmakt til å forhandla med tillitsvalde/ verneombod med frikjøp inntil 1.5. stilling til arbeidet med nye Ullensvang kommune. Saka skal handsamast i PSU"*

Espe ( SP): Vi treng ein oppdatert økonomioversikt over konsekvensane av dei vedtaka vi fattar. Rådmann Jondahl orienterte munnleg

Kollbotn (R); Ramma bør fastsetjast i Fellesnemnda etter innspel frå PSU, der dei tilsette sine repr. har fått koma med sine syn. Alle forslag om rammer vert utsett til neste møte og føreslo;

*"Fellesnemnda tar stilling til frikjøp av ressursar for tillitsvalde og verneombod etter innstilling frå partsamansett utval . Dette bør om råd er skje alt på nester møte"*

Lunsj vart avvikla på Bokkotunet.

*Borge trekte framlegget sitt*

*Repr. Kollbotn sitt forslag vart samr vedteke*

**FN - 009/17 Vedtak:**

***Fellesnemnda tar stilling til frikjøp av ressursar for tillitsvalde og verneombod etter innstilling frå partsamansett utval . Dette bør om råd er, skje alt på neste møte***

**010/17 Sak: Styringsdokument; Prosjektplan og prinsippdokument for sammenslåingsprosessen – status**

**Innstilling:**

1. Fellesnemnda merka seg styringsdokument/prosjektplan og prinsippdokument.
2. Prosjektplan vil bli lagt fram for fellesnemnda til ny handsaming i oktobermøte.

**13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune**

**Behandling:**

Rådmann Steigedal orienterte innleiingsvis. Dokumentet er ikkje blitt endra etter samtalanene med dei tillitsvalde. Dokumentet vil vera eit overordna og viktig styringsdokument. Arbeidsgruppene må vera føremålsteneleg samansett og har klare oppdrag. Merk og at det føreligg eit vedteke styringsdokument. Dokumenta må og forankrast i PSU og er å finna på heimesida **til Ullensvang kommune**.

Kollbotn (R) Politisk samordning av felles utfordringar og føreslo:

*1. Fellesnemnda vil på sitt neste møte drøfta og ta stilling til felles politisk strategi ovanfor fylket og sentrale styresmakter på to område*

*- Styrking av statlege arbeidsplasser*

*- Styrking av Rv 13 (Brattlandsdalen - Bu) og vegsambandet Odda - Jondal.*

*2. Fellesnemnda set ned to politiske arbeidsgrupper med ein representant frå kvar kommune i kvar gruppe/utval for å førebu desse sakene og lage innstilling.*

-----  
Velure (A) ;Prosjektleiar tek kontakt med dei andre kommunane som skal slå seg saman i Hordaland for å hauste røynsler.

Larsgard (SP): Kan formuleringane i prinsippdokumentet takast inn i styringsdokumentet ?

**FN - 010/17 Vedtak:**

**Innstillinga vart samr. vedteken ved separat votering. som pkt 1 og 2**



**Kollbotn sine forslag vart samr vedtekne ved punktvis votering som nytt pkt 3 og 4.**

**Det vart ikkje reist framlegg til representasjon til vedtakspunkt 4 i saka**

**Vedtaket er:**

1. Fellesnemnda merka seg styringsdokument/prosjektplan og prinsippdokument.
2. Prosjektplan vil bli lagt fram for fellesnemnda til ny handsaming i oktobermøte.
3. Fellesnemnda vil på sitt neste møte drøfta og ta stilling til felles politisk strategi ovanfor fylket og sentrale styresmakter på to område  
Styrking av statlege arbeidsplasser  
Styrking av Rv 13 (Brattlandsdalen - Bu) og vegsambandet Odda - Jondal.
4. Fellesnemnda set ned to politiske arbeidsgrupper med ein representant frå kvar kommune i kvar gruppe/utval for å førebu desse sakene og lage innstilling.

**011/17 Sak: Tilskot til fornyings- og digitaliseringsprosjektet "Digital verktøykasse og digitaliseringstiltak Ullensvang kommune**

**13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune**

**Behandling:**

Rådmann Jondahl orienterte innleiingsvis. Vi har til no fått kr 4 mill frå KMD - til digital verktøykasse. Prosjektstillinga IKT - som vart vedteken før idag -vil bi dekkja her.

Viste og ein del andre interessante IKT- prosjekt med vidare rammer enn Ullensvang kommune

**Astad føreslo :**

1. Prosjektmidlar til digitalisering vert arbeidd inn i økonomiplan/ budsjett
2. Prosjekta vert lagt opp i tråd med saksutgreiing /presentasjon i møtet
3. Det vert oppretta 100 % stilling til oppfølging av digitaliseringsprosjekt - jmf vedtak i FN-sak 009/17

**FN - 011/17 Vedtak:**

Fellesnemnda vedtok prosjektleier sitt forslag samla.

**Vedtaket er :**

- 1. Prosjektmidlar til digitalisering vert arbeidd inn i økonomiplan/ budsjett**

**2. Prosjekta vert lagt opp i tråd med saksutgreiing /presentasjon i møtet**

**3. Det vert oppretta 100 % stilling til oppfølging av digitaliseringsprosjekt - jmf vedtak i FN-sak 009/17**

**012/17 Sak: Søknad om skjønsmidler for 2017. Vurdering av aktuelle tema/prosjekt.**

**13.09.2017 Fellesnemnd Ullensvang kommune**

**Behandling:**

Rådmann Reidar Isdal (Jondal) orienterte innleiingsvis. Vi treng utvikla søknader og strategiar på dette feltet

Spørsmål: Finst denne ressursen i kommunane i dag ?

Isdal: Truleg gjer den det. Rådmann Jondahl: Søknaden må vera fagleg basert og bør kunna løysast innanfor eksisterande organisasjon,

Hammer(A) ; Vert det generert pengar til sentrumsutvikling for nye kommunar?

Isdal: Ja det finst ei regionsentertilskotsordning

**FN - 012/17 Vedtak:**

**Fellesnemndna merka seg opplysingane og drøftingane**

Leiar i mellombels fellesnemnd for Ullensvang kommune

Roald Aga Haug –Møteleier resten av møtet.  
Leiar i fast fellesnemnd for Ullensvang kommune

Undersrift :

**1. Elin Eide Brattabø**

**2. Amund Velure**